


Vedlegg 13 Demens

Demens vil vere ei utfordring i framtida. Det vil vere fleire som får demens, og vi blir stadig fleire eldre, noko som gjer at det totale talet vil auke kraftig.



Figur 1: Framskriving av demens v/ Sosial og helsedirektoratet

Nasjonalforeningen for folkehelsen skreiv på si web-side 21.01.2016 (<http://nasjonalforeningen.no/demens/hva-er-demens/>): «I dag har over 70 000 mennesker i Norge demens, og trolig vil antallet fordobles fram mot 2040. Noen tror demens kun rammer eldre, men også yngre personer kan få sykdommen. Av alle som lever med demens i dag, antar vi at rundt 4 000 er under 65 år.»

Ei nyleg rapport (Rapport nr 1 Demens i norsk kommuner 2015-2040 v/Godager og Thorjussen, Helseøkonomiske analyser 2016) meldte at dagens prevalens er ca 15-16 personar med demens per 1000 innbyggjarar og at i løpet av 2040 vil det vere ca 22-24 per 1000 innbyggjarar. Det vil seie at 2,4% av innbyggjarane i Norge vil ha demens om ca 20 år.

Venta tal på demente i Norge i ulike aldersgrupper, 2006-50: 65-69: 0,9% av folket; 70-74 år: 2,1%; 75-79: 6,1%. 80-84 år 17,6%. 85-89 år 31,7% 40,7% av alle over 90 år. Kjelde: sosial og helsedir 2005

Vi estimerer antal demente: 70-79 år: ca 4%. 80-89 år: ca. 25%. over 90: ca 40% og nyttar tabell 1 (framskriving av folketalet i Fjaler) for å rekne ut kor mange personar det vil vere i Fjaler med ein eller anna nivå av demens dersom framskrivingane held mål.

Tabell 1: Framskrivning tal personar med demens i Fjaler

Alder/Årstal	2016	2022	2025	2030	2040
demens 50-69 0,9%	6 pers	6 pers	6 pers	5 pers	5 pers
demens 70-79 4%	10 pers	12 pers	13 pers	13 pers	11 pers
demens 80-89 25%	37 pers	40 pers	42 pers	51 pers	57 pers
demens 90+ 40%	14 pers	16 pers	17 pers	19 pers	27 pers
Totalt demens	67	74	78	88	100

I regjeringa sin «Demensplan 2020» blir det fokusert på førebygging, diagnose, aktivitet, tilpassa tenestetilbod, forskning, kunnskap og kompetanse. Brukarmedverknad frå dei ramma og pårørnde blir trekt fram som eit viktig prinsipp.

Fjaler tek innover seg at demens og kognitiv svikt vil vere ei utfordring framover og vil prioritere følgjande:

➔ Eige demensteam

Demensteamet har ansvar for å lage ein kommunal plan for demensomsorg med føringar frå denne strategien. Det er viktig at demensteamet får avsett reelle ressursar til å administrere dette

- ➔ Demenskurs for innbyggjarane, pårørnde og internkurs
- ➔ Sikre at tilsette i BIO har spesialkompetanse på demens
- ➔ Sikre aktivitetar til demens (lovpålagt frå 1 jan 2020)
- ➔ Ha nok bustader tilpassa demens (8 i dag; 16 på sikt)
- ➔ Tidleg diagnose
- ➔ Informasjonsbrosjyrer til pårørnde og innbyggjarane; samarbeid med lærings og meistringssenteret i Helse Førde (pårørndeskule)
- ➔ Etablere modellar og implementere i institusjon og heimeteneste. Lære av andre
- ➔ Sikre medbestemmingsrett
- ➔ Implementere Demensplan 2020
- ➔ Fokus på førebygging og tidleg innsats